

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Bjørgvin bispedøme, Kinsarvik sokneråd, 21.11.2006.

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

dok 699

Kultur- og idrettspol.	
KI	
Dato: 20060610	Dato: 28.11.06
Kode: Ki-501	Beh:

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Staten skal føre ein aktiv og støttande livssynspolitikk.

Utan ein støttande livssynspolitikk er det lett for at alle livssynssamfunna får trongare råmer for drifta og blir avhengige av medlemsbidrag, noko som vil verte vanskeleg for DnK. Det er også viktig at den kristne kulturarv vert vidareført i det norske folket, noko som er vanskeleg utan ein støttande livssynspolitikk.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Staten og Den norske Kyrkja, vedlegg til uttale frå Kinsarvik sokneråd, Bjørgvin bispedøme.

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Staten skal føre ein aktiv og støttande livssynspolitik.

Utan ein støttande livssynspolitik er det lett for at alle livssynssamfunna får trongare råmer for drifta og blir avhengige av medlemsbidrag, noko som vil verte vanskeleg for DnK. Det er også viktig at den kristne kulturarv vert vidareført i det norske folket, noko som er vanskeleg utan ein støttande livssynspolitik.

2. Den norske kirke som statskirke:

Bør fortsetje

Tida er ikkje mogen for ei slik omfattande endring. Økonomien vil også verte eit stort spørsmål, og soknerådet stiller seg tvilande til at kyrkja vil kunne få dei midlane den treng utan at kyrkja er ei statskyrkje. Ordning med medlemsavgift vil ikkje vere tilstrekkeleg. Det er også viktig som symbolverdi at folket eig kyrkja, gjennom statleg eigarskap.

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret ?

Grunnlova.

Naturleg konsekvens av svaret på førre spørsmål.

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres ?

Offenteg finansiering utan medlemsavgift.

Sjå grunngjeving på spørsmål 2.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles ?

Valordninga bør vere som i dag.

Ordninga med direkte val kan slå uheldig ut for små sokn i distriktet. Soknerådet meiner at ordninga me har i dag sikrar at alle sokn kan få representatar vidare til Bispedømerådet og vidare til Kyrkjemøtet. For å få fleire til å stemme ved soknerådsvalet kan ein leggje valet til same dag og stad som stortingsvalet, slik dagens ordning opnar for.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i §2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet.

Det kristne humanistiske verdigrunnlaget

Dei politiske prinsipp som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene.

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen ?

Den lokale kyrkja.

Den lokale kyrkja ligg nær gravplassen, og har tradisjon for å ivareta denne. Det er også viktig at kyrkja som organisasjon har ein viss storleik, noko som sikrast gjennom at kyrkja har ansvaret for gravferdsforvaltninga. Kyrkja må då samstundes strekke seg langt for å komme i møte menneske frå andre livssynssamfunn.

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene ?

Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.

Sokna bør eiga kyrkjebygga og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. Verneverdige kyrkjer må staten overta det økonomiske ansvaret for og listeførte kyrkjer bør staten ha ei delvis økonomisk ansvar for.

”Kinsarvik sokneråd ville sett det meir tenleg for den demokratiske prosessen og samtalen i bispedømet dersom Bispedømerådet hadde venta med sin uttale til fleire sokneråd hadde fått tid til å handsame saka.”

21.11.2006
Kinsarvik sokneråd

MØTEBOK

	SOKNERÅD	SAK.NR.	DATO	SIDE
DEN NORSKE KYRKJA	KINSARVIK SOKNERÅD	38/06	21.11.06	45

SAK 38. STAT / KYRKJE.

- Saksdokument.**
1. Svarskjema vedk. stat/ kyrkje. Vedlegg 1.
 2. Kopi av sak handsama i Eidfjord. Vedlegg 2.

Saksutgreiing:

Vedlagt tilsendt skjema som skal svarast på i saka.

Vedlagt ligg også kopi av handsaming av saka i Eidfjord, oversendt etter oppmoding frå Bjørn Tore Sæle. Denne handsaming samsvarar med leiaren sitt syn.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vert fatta i møte.

VEDTAK:

Kinsarvik Sokneråd ber om at kyrkjekontoret sender inn svar på vegne av Kinsarvik Sokneråd der også eventuelle mindretalsframlegg kjem fram i uttalen.

Punkt 1 i vedlegg 2: Vedteke samrøystes.

Punkt 2 i vedlegg 2: Endra kommentarfelt frå gruppa til soknerådet, elles samrøystes.

Punkt 3 i vedlegg 2: Vedteke samrøystes.

Punkt 4 i vedlegg 2: Vedteke samrøystes.

Punkt 5 i vedlegg 2: Endra kommentarfelt frå gruppa til soknerådet, elles samrøystes

Punkt 6 i vedlegg 2: Vedteke samrøystes.

Punkt 7 i vedlegg 2: Vedteke samrøystes.

Punkt 8 i vedlegg 2: Same uttalen som kyrkjeleg fellestråd på dette punktet,

”Sokna bør eiga kyrkjebygga og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. Verneverdige kyrkjer må staten overta det økonomiske ansvaret for og listeførte kyrkjer bør staten ha eit delvis økonomisk ansvar for.”

Fylgjande vert lagt til sist i uttalen frå Kinsarvik sokneråd:

”Kinsarvik sokneråd ville sett det meir tenleg for den demokratiske prosessen og samtalen i bispedømet dersom Bispedømerådet hadde venta med sin uttale til fleire sokneråd hadde fått tid til å handsame saka.”

Utskrift til:

Bjergvin bispedømeråd. Prosten. Kultur- og kyrkjedep..

Saka skal handsamast vidare av:

Kultur- og kyrkjedep.